



Jobbnorge-ID: 162149

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Førstekonsulent - Eksamenskonsulent

Ved Høgskulen på Vestlandet (HVL), er det ledig ei fast 100% stilling som førstekonsulent, eksamenskonsulent i Avdeling for studieadministrasjon

Avdeling for studieadministrasjon har ansvar for eksamen, studentopptak og fyrstelinjeteneste. Avdelinga har om lag 50 tilsette fordelt på alle fem campus og samarbeider tett med fakulteta sine studieadministrasjonar.

Om stillinga

Den som vert tilsett skal delta i arbeidet med administrasjon av eksamen og sensur. Stillinga er knytt til Eining for eksamen som har ansvar for organisering og gjennomføring av eksamen på alle campus. Eininga er under etablering og vil ha om lag 25 tilsette. Eksamensarbeid er i stor endring med tanke på digitale arbeidsprosessar og den som vert tilsett i stillinga vil vere med å forme denne utviklinga.

Stillinga er lagt til campus Sogndal

Ansvars- og arbeidsområde

Aktuelle arbeidsoppgåver i eininga vil vere:

- Planlegging av eksamen og sensur
- Bidra til utvikling av fagområdet inkludert digitalisering av eksamen
- Informasjon og rettleiing knytt til eksamen og sensur
- Sakshandsaming knytt til eksamen og sensur
- Gjennomføring av eksamen og registrering av sensur
- Produksjon og handsaming av saker som gjeld vitnemål

Mange arbeidsoppgåver må gjennomførast i samarbeid med fagleg tilsette og studieadministrasjonane ved fakulteta.

Kvalifikasjonskrav

Til stillinga vert det stilt krav om utdanning på bachelor- eller masternivå, eller spesialistutdanning tilpassa dei oppgåvene som skal utførast. Det kan bli stilt krav om relevant praksis. Relevant erfaring/ realkompetanse kan kompensere for utdanning. Relevant administrativ røynsle vert tillagt vekt.

Du må vere serviceinnstilt, løysings- og utviklingsorientert, initiativrik og ha gode samarbeidsevner. Du må i tillegg ha god arbeidskapasitet og kunne takle ein tidvis hektisk arbeidskvardag.

Vi tilbyr

Stillinga som førstekonsulent er løna etter Statens lønsregulativ, i stillingskode 1408 - Førstekonsulent

Frå løna vil det bli trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

Vi tilbyr elles:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Spennande fagmiljø med moglegheit for kompetanseheving - og utvikling
- Fleksitid jfr. Særavtale om fleksibel arbeidstid i staten
- Moglegheit for trening i arbeidstida

Korleis søke på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stilling" på denne sida.

Vi gjer merksam på at søknader blir vurdert ut frå den informasjon som er lagt inn i www.jobbnorge.no ved søknadsfristens utløp. Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen, herunder attester og vitnemål. Dersom vitnemål, karakterutskrifter eller annen dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv laste opp attesterte omsettingar. Dersom vedlegga overskrider 15 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggest ved som lenke.

Søknader kan ikkje sendes på e-post til enkeltpersoner ved høgskulen.

Generell informasjon

Vi gjer merksam på at jfr. ny offentlegheitslov kan opplysningar om søkjaren bli offentleggjort sjølv om søkjaren har bedt om ikkje å bli oppført på søkjarlista. Søkjaren vil bli varsla dersom ynskje ikkje vert teke til følgje.

Høgskulen på Vestlandet er under omstilling, og det kan bli gjort endringar i stillinga sitt ansvarsområde og plass i organisasjonen.

Den statlige arbeidsstyrken skal i størst mulig grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetning, rekruttere personer med minoritetsbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne. Høgskulen på Vestlandet er ei IA-verksemd.

[Heimeside](#)

Kontaktpersonar ved Høgskulen på Vestlandet er:

- 1) Einingsleiar Gunhild Raunsgard, telefon [+47 55 58 76 28](tel:+4755587628) / mobil + 47 92036654
- 2) Avdelingsleiar, Espen Fosse, telefon [+47 52 70 26 16](tel:+4752702616) / mobil [+47 917 59 332](tel:+4791759332)

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: